

Vellukka treningsamling for 50 born og unge i skigruppa

03.11.2013



Ungdomsgruppa samla saman med trenarar(Foto: Kjersti Bråtun)

Skigruppa i idrettslaget arrangerte i helga si årlege barmarkssamling, med over 50 aktive deltakarar mellom 8-19 år, og med deltakarar frå Rosendal til Husnes . Trenarane kan konkludere med at interessa for langrenn verkar å vere stadig aukande, noko som lovar godt for vinteren.

Skigruppa er no inndelt i to grupper, ei ungdomsgruppe frå 13-19 år og ei bornegruppe frå 8-12 år, og begge gruppene var svært aktive heile helga. Laurdag vart det gjennomført to økter, med både rulleski og jogging/orienteering, og innsatsen hos alle utøvarane var upåklageleg. For mange av dei yngste var det første gong med hjul under føtene, men manglande balanse lot seg fint kompensere av svakt utvikla forståing for konsekvensar.

I tillegg fekk alle prøve stjerneorientering med mange spanande postar der dei skulle løyse ulike oppgåver, m.a. skyte med luftgevær.

I tillegg til mykje god trening, fekk utøvarar og trenarar også servert lunsj og middag, dette vart millimeterpresist organisert av Haldis Åkre i lag med fleire andre foreldre. Skigruppa vil rette ei stor takk til alle foreldra som stilte opp og gjorde ein stor innsats.



Dette er dei yngste deltagarane. Foto: Sven Ove Kjerpeseth

I tilknytning til treningsamlinga vart det også arrangert eit foreldremøte, her vart det informert om treningsopplegget gjennom vinteren, litt om utstyr og litt om rutinar ved påmelding til skirenn.

Skigruppa hadde leigd inn den vidjetne skismøraren Pål Haugland, han gav eit innblikk i skismørkinga sin lunefulle magi og delte raust ut triks frå eit langt liv ved smørjebenken.

Søndag vart samlinga avslutta med felles tur til Aterstad i Omvikdalen. Her stilte til saman kring 90 utøvarar, foreldre, sysken, tanter og besteforeldre opp for å gå på tur i lag i det fine haustveret.

Det kvite pulveret ligg no på fjelltoppane, og skigruppa i UIL er klare for ein ny sesong!



På vei mot Rosendal ved sandtaket i Sandviklio(Foto: Kjersti Bråtun).

TRENARANE